



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 29.01.2015

Vår ref.: 2015/1098

Arkivnr.: 350

Hå kommune
Postboks 24
4368 Varhaug

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 2015

Fylkesmannen vil med dette varsle tilsyn med kommunal beredskapsplikt 14. april 2015.

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er Hå kommune si oppfylging av beredskapspliktene etter § 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen vil undersøke om Hå i tråd med krava i lov og forskrift kan dokumentere at kommunen har:

- ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- gjennomført øvingar
- eit system for opplæring
- evaluert øvingar og ekstraordinære hendingar.

Deltaking

Frå Fylkesmannen møter seniorrådgivar Grete Flåten (revisjonsleiar) og fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen (revisor).

Frå kommunen ber vi om at følgjande kan møte:

- ordførar
- rådmann
- beredskapskontakt
- informasjonsansvarleg
- kommunaldirektør eller tilsvarande med ansvar for kommuneplan
- arealplanleggjar
- eventuelt andre som har vore/er sentrale i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse eller beredskapsplan.

Dokumentasjon

Med heimel i kommunal beredskapsplikt ber vi om at følgjande dokumentasjon blir sendt til Fylkesmannen innan 20. mars 2015:

- heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- dokumentasjon på at ROS-analysen er handsama i kommunestyret
- invitasjon til eksterne deltakarar i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse (til dømes brev)
- langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Hå kommune
- plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, og dokumentasjon på at planen er følgd opp gjennom tiltak (til dømes i økonomiplan eller andre dokument)
- kommunen sin overordna beredskapsplan
- plan for helse og sosialberedskap og smittevernplan, medrekna pandemiplan
- beredskapsplan for vassforsyning og sist tilsynsrapport frå Mattilsynet på dette området
- samfunnsdelen til gjeldande kommuneplan med handlingsdel
- kommunen sin planstrategi
- evalueringsrapportar frå uønskete hendingar i kommunen som har vore etter sist tilsyn. Dessutan dokumentasjon på eventuelle system/prosedyrar/framgangsmåtar for å følgje opp slike hendingar
- evalueringsrapportar frå øvingar gjennomførte etter sist tilsyn
- eventuelle rapportar frå kommunen sin eigenkontroll som handlar om samfunnstryggleik og beredskap
- organisasjonskart for kommunen
- namn og stilling på personar som kommunen meiner er aktuelle for intervju, sjå lista ovanfor.

De kan gjerne sende oss dokumentasjonen elektronisk. Kontaktinformasjon med e-postadresser er nedanfor. Dersom nokre dokument eller deler av eit dokument er unntatt offentleg innsyn ber vi om å bli varsla om dette.

Rammer for tilsynet

Tilsynet blir gjennomført etter systemrevisjonsmetoden så langt det høver. Fylkesmannen vil granske dokumentasjonen frå Hå kommune før tilsynet. På tilsynsdagen vil vi ha opningsmøte og intervju. Etter dette vil vi ha eit slutt møte med kommunen. Så blir det laga ein rapport med eventuelle avvik eller merknader frå tilsynet. Vi vil ta kontakt med kommunen for dato for slutt møte.

Praktisk informasjon

Om datoen for tilsynsbesøket ikkje passar, ber vi kommunen foreslå ein ny dato. Vi ber og om at kommunen peiker ut ein kontaktperson for tilsynet.

Etter at vi sett gjennom grunnlagsmaterialet vil vi komme tilbake med eit meir detaljert program for tilsynet. Vi reknar med at kommunen stiller lokale til disposisjon for opningsmøte og intervju på tilsynsdagen og på slutt møtet seinare. Om mogleg ønskjer vi at utstyr for bruk av Powerpoint er tilgjengelig både i opningsmøtet og slutt møtet. Vi har med oss minnepenn og datamaskin.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Grete Flåten; grete.flaten@fylkesmannen.no, telefon 51 56 88 36/975 02 448 eller til Reidar Johnsen, kontaktinformasjonen står nedanfor.

Med helsing

Lone Merete Solheim
avdelingsdirektør

Reidar Johnsen
fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Reidar Johnsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 39
E-post: reidar.johnsen@fylkesmannen.no